

Munnleg begynneropplæring

Den profesjonelle alfabetiseringslæraren ,
Sandefjord 19-21.september 2012

Toril Kristin Sjo, ILN, Universitetet i Oslo
t.k.sjo@iln.uio.no

Plan

- Munnleg begynneropplæring
- Samtalen som læringsverktøy
- Bruk av bilete
- Metode
 - strukturert arbeid i grupper

Sitat om læring

1. Boklig lærdom kan ikke legges i matskapet - **islandsk**
2. Man finner da på alt mulig nytt, sa gutten, han skulle lære å lese - **dansk**
3. Det er meget mellom himmel og jord som læreren ikke vet om - **svensk**
4. Tvungen lærdom varer ikke lenge - **finsk**
5. Det er mye vondt her i verden, sa gutten, han skulle lære å lese - **norsk**

Munnleg begynnarpplæring

- Aktivitetar
 - Snakke, samtale, lytte
- Materiell
 - Bilete, film, digitale verktøy, konkretar, skriftlege og munnlege tekstar, kroppsspråk og gestar
- Kvarandre

Nokre didaktiske utfordringar i munnleg begynnarpplæring

- nye og framande lydar
- motivasjon og forventningar
- trygt læringsmiljø
- enkelt språk ≠ enkel hjerne
- vaksne sjølvstyrte stemmer

Nokre didaktiske utfordringar i munnleg begynnarpplæring

- å velje bilete
- å stille gode spørsmål
- effektiv bruk av tid og kvarandre
- å lage gode læringsgrupper
- å sjå den enkelte og å få alle med

Samtalen som "lærebok"

- er ein sosial aktivitet
- er ei fagleg kunnskapskjelde
- er den vanlegaste måten å bruke språket på
- blir brukt til å bygge relasjonar
- blir brukt for å praktisere og utvikle munnlege ferdigheiter, refleksjonar og kognitive evner

- Lindberg 2005

Samtalen som didaktisk verktøy

- Dei 3 P'ane
 - Presentere –Praktisere – produsere
- IRO
 - Informasjon – Respons – Oppfølging

≠ Den frie samtalen

- Lindberg 2000

Språkutvikling i dag

- Rik og variert kontakt med språket i sosialt samspel
- Høve til utforskande og kreativ språkbruk
- Balansert fokus på språkleg form

- Øvingsrom for å trene språklege strukturar
- Fundament for syntaktisk utvikling

- Lindberg 2000

Å stille gode spørsmål

- Ver spesifikk og direkte
- Gå frå det generelle til det spesielle
- Konverser
- Ikkje gjenta studentsvar på spørsmål
- Bruk oppfølgingsspørsmål for å få meir spesifikke svar
- Ikkje still ja/nei-spørsmål
- Still spørsmål som byggjer på deltakarane si erfaring og interesse
 - (Cranton 2006)

Å bruke bilete

Hensikt:

- for å motivere deltakaren til å delta
- for å bringe konteksten inn i klasserommet
- for å beskrive objektivt, tolke eller bli brukt subjektivt
- for å finne svar spørsmål eller finne alternative svar?
- for å stimulere til og gi informasjon som kan brukast i konversasjon, diskusjon og historieforteljing

➤ Wright 93

Å snakke om eller med bildet

- Pit Corder:
 - å snakke **om** eller **med** bildet: Beskrive? Eller: Har du vore i Eiffeltårnet? Er du redd for høgder?
 - informasjonsspråk, meningspråk, oppfatnings/forståingspråk: i vanleg kommunikasjon er språka det som får oss til å snakke
 - (i Wright 93)


Å finne rett bilete

- Tenk likt for alle grupper
- Kva for bilete?
 - Autentiske med meining
 - Ekspressive med fleire tolkingar
 - Teikningar
 - Fleirtydige/komplekse bilete for diskusjon og språkutvikling
 - Trekk fram og vis det fleirtydige
 - Eintydige/enkle bilete for vokabular og omgrepslæring
- La deltakarane velje bilete
 - (Franker 2007)

Bya – 24 år (i LESLLA 2005)



Eang – 60 år (i LESLLA 2005)



Drawing by Eang, a 60-year-old Khmer (Cambodian) refugee, after one year SLA and literacy instruction. She learnt how to read and write her name and the date (June, 3) in Dutch as her second language. It is a double self-portrait, first she represented herself as a stick figure, then, after looking at her neighbor's drawing, as a woman with a laughing mouth, breasts, and a substantial body. In the middle a bike (one pedal between two wheels). The drawing was made in a lesson on transport (How

Fem vurderingar i undervisningsplanlegging

1. Er det lett å forberede/førebu?
2. Er det lett å organisere i klasserommet?
3. Er det interessant for deltakarane?
4. Er det meningsfullt og autentisk?
5. Bidreg aktiviteten til auka og rikeleg språkbruk?

A. Wright 1993

2. Den beste metoden?

- Finnest den beste metoden?
- Kvifor bruke samarbeidslæring i norskopplæringa?
 - Faget (= språket)
 - Deltakarane (= vaksne)
 - Læraren (= autorativ og effektiv)

Grupper og andrespråkslæring

- variasjon og meir innputt
- meir samhandling – deltakarane kjenner meir ansvar for å gjere seg forstått og tek meir ansvar for eiga læring
- språket blir brukt på ei meningsfull måte med ei bestemt hensikt
- informasjonen blir uttrykt på forskjellige måtar
- høve til autentisk kommunikasjon aukar
- læringsmiljøet blir tryggare
 - [Gibbons 2009](#)

Fleire skular

- Johnson og Johnson
 - Å lære saman
- Kagan
 - Strukturell tilnærming
- Aronson
 - Puslespel
- Brown og Palinscar
 - Gjensidig undervisning

Strukturell tilnærming - PILS

- Positiv binding →
 - Kan nokon gjere det åleine?
- Individuelt ansvar →
 - Krevjast det individuell framføring av kvart av gruppemedlemmene?
- Lik/jambyrdig deltaking →
 - Kor lik/jambyrdig er deltakinga?
- Samstundes interaksjon →
 - Kor mange prosent av deltakarane er aktive på same tid?
 - (Kagan ,1994)

Puslespelet

- ulike eller like oppgaver
 - ulik oppgave: ulikt materiell/ulike problem til dei forskjellige gruppene
 - lik oppgave: same materiell/problem til alle
- 1. Tenk – individuelt
(refleksjon/lesing)
- 2. Bli ekspert
- 3. Del med dei andre gruppene
- 4. Presenter eller lag eit produkt

	A	B	C	D
1	Kap1	Kap2	Kap3	Kap4
2	Kap1	Kap2	Kap3	Kap4
3	Kap1	Kap2	Kap3	Kap4
4	Kap1	Kap2	Kap3	Kap4

(Aronson, 1972)

Kven er øvingane for?


- Øvingar i heil klasse
 - Døme: Smultring, Linja, Reis deg – set deg
- Øvingar i gruppe
 - Døme: Tenk –del – presenter, Rundt bordet, Ein for alle, Ressurshjørner
- Øvingar i par
 - Døme: Tale på tid, Snu deg og oppsummer, Raske Robin

Øvingar me brukte i Workshoppen

- Smultring
- Linja
- Rundt bordet
- Raske Robin
- Reis deg – set deg

Smultringen

- Deltakarane står i to konsentriske sirklar
- Læraren stiller spørsmål eller deltakarane spør/intervjuar kvarandre
- Læraren gir sirklane instruksjonar om å bevege seg til høyre eller venstre forbi ein eller eit visst tal personar



(Verdi)Linja

- → Finn ein plass på linja
- alfabetisk
- etter fødselsdato
- etter kor lang veg ein har til skulen
- etter kva som helst
- etter kva ein meiner om eit emne

Rundt bordet

- Deltakarane sit i grupper
- Dei får ei oppgåve som kan ha fleire svar
- Kvar deltakar gir sitt svar rundt bordet
- Dei som ikkje veit kva dei skal svare, seier pass
- Tempo er viktig

Raske Robin

- Deltakarane jobbar i par og seier eitt ord kvar innafor eit tema
- Deltakarane skifter partner og gjer det same ein gong til
- Tempo er viktig

Ressurshjørner

- Læraren fortel kva hjørna presenterer
- Deltakarane stiller seg i "sitt" hjørne
- Deltakarane fortel kvifor dei valte dette hjørnet eller diskuterer eller finn argument for eller mot eit tema
- "Hjørnene" presenterer sine synspunkt for kvarandre

Reis deg – set deg

- Læraren fremmer ein påstand
- Deltakarane reiser seg om det stemmer
- Læraren fremmer ein ny påstand
- Dei det gjeld for blir ståande/reiser seg
- Dei det ikkje gjeld for, set seg

Øvingar me brukte i plenum

- Ein for alle
- Tenk – del - (presenter)
- Snu deg og oppsummer
- Tale på tid

Ein for alle

- Deltakarane gir seg nummer frå 1-4
- Læraren stiller spørsmål og gir tenketid
- Deltakarane diskuterer, hjelper kvarandre og forsikrar seg om at alle kan svare
- Læraren seier eit nummer. Deltakaren med dette nummeret blir bedt om å svare. Deltakarar frå andre grupper med same tal, kan supplere svaret

Tenk – del – presenter

- Deltakarane tenkjer individuelt på eit spørsmål læraren har stilt
- Deltakarane deler tankane i par/gruppe
- Deretter presenterer deltakarane tankane i nye par/gruppe/eller heil klasse

Snu deg og oppsummer

- Læraren eller andre føreles (eventuelt film, radio, forteljing eller anna) i nokre minutt
- Deltakarane snur seg mot kvarandre og oppsummerer kort det dei hugsar (minnast)

Tale på tid

- Deltakarane kan vere i par eller grupper
- Dei får tilmålt tid og emne dei skal snakke om, eller dei vel sjølv kva dei vil snakke om
- Alle skal ha like mykje tid

Kjelder

- I. Lindberg, Samtalet som didaktisk verktyg, 2000
- I. Lindberg, Språka saman, 2005
- P. Gibbons, Stärk språket, stärk lärande, 2009
- P. Cranton, Understanding and Promoting Transformative Learning, 2006

- A. Wright, Pictures for Language Learning, 1993
- Q. Franker, Bildval i alfabetiseringsundervising, 2007
- Van de Craats et al., Low-Educated Second Language and Literacy Acquisition, 2005 (LESLLA)

- S. Kagan, Cooperative Learning, 1994
- Johnson og Johnson, Learning together and alone 1991
- J. Stenlev, S. Kagan, Cooperative Learning (dansk), 2006
- Aakervik og Haugaløkken, Som hånd i hanske, 2003
- Aakervik og Haugaløkken, Samarbeid i skolen, 2006
- J. High, Second Language Learning Through Cooperative Learning, 1993